

ØRSKOG KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordfører
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Torsdag, 12.12.2019 kl. 15.00 på rådhuset.

SAKLISTE:

- Sak 16/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 05.09.2019
- Sak 17/19 - Revisjonsstrategi 2019 for Ørskog kommune og rapport 2018.
- Sak 18/19 - Orientering/oppdatering av KU sak 10/19 ved rådmann.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

May-Sissel Osvik
leiar
(sign.)

Sak 16/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 05.09.2019

**KONTROLLUTVALET I
ØRSKOG KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 05. september 2019 kl. 15.00

Møtestad: rådhuset

Møtet vart leia av May-Sissel Osvik.

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Olav Jan Bårdsgjerde og Kaja Kongsnes.

Meldt forfall: Øystein Eide.

Ingen vara tiltredde.

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte rådmann Synnøve V. Synnes og sakshandsamar Bjørnar Andersen frå planavdelinga.

Ordførar Knut Helge Harstad deltok på møtet.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saklista vart godkjent. Målfrid Sjøstad etterlyste sak 10/19 frå førre møte og sekretariatet opplyste at dette ville bli orientert om i sak 15/19.

Sak 12/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 23.05.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 23. mai 2019 blir godkjent.

Sak 13/19 - Revisors uavhengigheit.

Sakspapir frå sekretariatet datert 29. august 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Ørskog kommune tek revisors vurdering av uavhengighet til vitande.

Sak 14/19 - Innstilling på val av revisjonsordning og revisor for nye Ålesund kommune.

Sakspapir frå sekretariatet datert 29. august 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ørskog kontrollutval innstiller til Fellesnemnda i nye Ålesund kommune om å gjere følgjande vedtak:

1. Fellesnemnda vel revisjon i eigenregi for nye Ålesund kommune.
2. Fellesnemnda vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for nye Ålesund kommune.

Sak 15/19 - Orientering om nye Ålesund ved rådmann.

Sakspapir frå sekretariatet datert 29. august 2019

Saka var lagd fram uten tilråding til vedtak.

I sak 10/19 frå forrige møte ga Bjørnar Andersen ei grundig orientering om korleis saka var handsama i Ørskog kommune så langt. Saka skal opp til formannskapet i Ørskog kommune i uke 37. Kontrollutvalet ynskjer ei ny orientering på sitt neste møte 21. november 2019.

Rådmann ga vidare ei oppdatering av arbeidet med nye Ålesund. Lysark viste aktuelle område fellesnemnda har arbeidd med siste tida. Kontrollutvalet fekk anledning til å stille spørsmål.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Møtet var slutt kl. 16.50

May-Sissel Osvik
leiar
(sign.)

Målfrid Sjøstad
nestleiar
(sign.)

Kaja Kongsnes
medlem
(sign.)

Olav Jan Bårdsgjerde
medlem
(sign.)

Sak 17/19 - Revisjonsstrategi 2019 for Ørskog kommune og rapport 2018.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3 datert 20. november 2019.

Bakgrunn:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og -strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidligare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på. Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Kontrollutvalet bør vere kjent med dei ulike aktivitetane som revisor gjennomfører i samband med rekneskapsrevisjonen.

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet, kalla overordna revisjonsstrategi 2019. Rapporten legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eitt eller fleire høve ved rapporten, står kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Ørskog kommune og påpeiker viktigheita av at dette blir teke med vidare.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI – ØRSKOG KOMMUNE - 2019

INNLEIING

I Internasjonal revisjonsstandard ISA 300 – Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7, går det fram at:

«Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gir veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen».

KARAKTERISTISKE TREKK VED OPPDRAGET

Årsrekneskapen omfattar kommunen si verksemd. Kommunen deltek i interkommunale samarbeid/selskap. Desse utarbeider egne rekneskap som blir revidert særskilt.

Det er eit komplekst regelverk som gjeld for alle forvaltningsområda i kommune. Det meste av aktiviteten er regulert i lov- og forskrift, og eventuelle endringar i lovverk, statlege pålegg og liknande vil påverke kommunen. Rammevilkåra er etter vår vurdering ikkje sterkt endra frå 2018 til 2019.

Komrev3 IKS har revidert kommunen over lang tid, og har gjennom dette opparbeidd god kunnskap om oppdraget.

KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Komrev3 IKS skal legge vekt på å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året skal det vere ein kontinuerleg dialog med mellom anna økonomiavdelinga. Ved vesentlege forhold vil ein sikre ein god dialog med rådmannen. Det vert gjennomført eit møte med rådmann og økonomisjef i samband med planlegging av revisjonen.

Revisjonsmelding skal vere avlagt seinast 15.04.2020. Dersom noko blir avdekka jf. revisjonsforskrifta § 4, vil dette bli rapportert utan opphald i nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen innan fristen for revisjonsmeldinga.

Dersom det elles gjennom den ordinære revisjonen vert avdekka forhold som er av ein slik art at det skal sendast brev, vil dette bli gjort fortløpande.

Annan informasjon og rapportering til kontrollutvalet vil bli vurdert kontinuerleg.

REVISJONSTEAM

Revisjonsselskapet har sett til at revisjonsteamet si samansetning bidreg til å sikre at oppdraget blir gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Arbeidet blir utført av revisjonsteam som er sett saman av:

Oppdragsansvarleg revisor: Knut Gunnar Alnes
Teammedlemar: Solrun Tusvik og Kathrin Haram

Revisjonsteamet har tilstrekkeleg kompetanse til å revidere oppdraget. Ved behov vil både dagleg leiar og andre revisorar bli meir involvert i revisjonen av oppdraget. Ved behov for ytterlegare spesialkompetanse vil det bli vurdert særskilt.

VURDERING INNLEIANDE HANDLINGAR

Rekneskapsåret 2019 er det siste året det blir avlagt rekneskap i Ørskog kommune før samanslåinga til nye Ålesund kommune. Det vil difor no framover vere noko høgare fokus på avstemmingar, registre og balansen i revisjonstilnærminga.

REVISJONSÅRET

Revisjonen blir delt i 3 fasar: Planlegging, interimrevisjon og årsoppgjørrevisjon.


	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April
Planlegging og oppstart av nytt år												
Interimsrevisjon - testing av rutinar												
Årsoppgjørrevisjon												
Attestasjon momskompensasjon												
Attestasjonar												


OMRÅDE

Ut frå førebelse identifiserte risikoområde, samt rullering av fokusområde, blir det mellom anna sett meir på følgjande i rekneskapsrevisjonsåret 2019 (lista er ikkje uttømande)

- *Det vil for 2019 i hovudsak bli fokusert på avstemming og gjennomgang av balansetala før samanslåing til nye Ålesund kommune.*

Ålesund, 12. november 2019


Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar


Knut G. Alnes
oppdragsansvarleg revisor

Mottakarar:

Ørskog kontrollutval

Rådmannen i Ørskog kommune

Vår sakshandsamar:
Solrun Aannø Tusvik

Vår dato:
14.11.2019

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Rekneskapsrevisjon 2018 – Ørskog kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2018 for Ørskog kommune.

Vår oppgave er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2018. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

Periodisering variabel lønn

Anordningsprinsippet er eit av dei grunnleggande rekneskapsprinsippa, og seier at alle kjente utgifter og inntekter skal takast med i rekneskapen for året, anten dei er betalt eller ikkje når rekneskapen vert avslutta.

Variabel løn for desember blir normalt utbetalt i januar året etter, og har også vore bokført på det nye året. Dette har samband med at innmelding av løn for dei tilsette følgjer tidspunkt for utbetaling, i tillegg til stor grad av automatisk posteringar ved bokføring av løn. Etter anordningsprinsippet skal løn bokførast på det året den er opptent, ikkje det året den vert utbetalt. Slik vil rekneskapen vise eit meir rett bilete av utgiftene som gjeld året, og forpliktinga ved utgangen av året.

Kommunen har ikkje periodisert variabel lønn for desember i rekneskapen for 2018. Slik vi forstår det vil alle kommunane som skal inn i nye Ålesund kommune gjennomføre slik periodisering i rekneskapen for 2019.

Overføringsområdet

Overføringer kan delast i overføringer med og utan krav til motyting. Overføringsinntekter utan krav til motyting er inntekter kommunen mottok uavhengig av den konkrete tenesteproduksjonen. Rammetilskot og skatteinntekter utgjør det alt vesentlege av desse inntektene. Vertskommunetilskot og ulike tilskot frå IMDi til flykningar er også rekna som overføring utan krav til motyting. Både skatt, ramme, vertskommunetilskot og flykningstilskot vert avstemt i samband med årsoppgjeret, og inntektsførte beløp i 2018 stemmer med opplysningar frå statleg hald.

Vertskommunetilskotet knytt til HVPU-reforma er eit vesentleg tilskot for Ørskog, og utgjorde kr 11,86 mill. i 2018. Dette tilskotet skal skjerme tidlegare vertskommunar for HVPU-institusjonar mot verknader av inntektssystemet. Inntektsført beløp stemmer med tal frå Helsedirektoratet

Av overføringer med krav til motyting er refusjon ressurskrevjande ein av dei store einskildpostane. For Ørskog utgjorde tilskotet frå ordninga med refusjon for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester kr 3 979 000 i 2018. Revisor utfører eigne kontrollhandingar knytt til denne refusjonsordninga, etter avtale med Helsedirektoratet.

Meirverdiavgiftskompensasjon er ei anna stor overføringsinntekt, og tilsvarende betalt meirverdiavgift som gir rett til kompensasjon (kompensasjonsberettiga). Det er krav om revisorattestasjon på kompensasjonskravet, og det vert gjennomført kontrollar kvar termin.

På utgiftssida er den største einskildposten knytt til at utbygginga av gangveg Giskemo-Åmdam. Gangvegen vart kr 3,5 mill. dyrare enn føresett i forskotteringsavtalen med fylkeskommunen, og kommunen må bere dei ekstra kostnadene. Sidan vegen ikkje er eigd av kommunen, må utgiftene først i driftsrekneskapen som ei overføring til fylkeskommunen. Andre store utgiftspostar er overføring til fellesrådet og andre livssynsorganisasjonar. Overføring til fellesrådet er som budsjettert.

Rutinar for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling

Revisjonen har for 2018 hatt felles fokus på den interne kontrollen som er etablert for å førebygge misleg framferd. Gode rutinar kan bidra til hindre misleg framferd, men også til at ein unngår spekulasjonar og mistankar om uetiske handlingar eller kritikkverdige tilhøve.

Med bakgrunn i dette bad vi kommunane om å få tilsendt relevante skriftlege rutinar innan

- Areal, plan og byggesakshandsaming
- Handtering av midlar for brukarar innan pleie og omsorg

Areal, plan og byggesakshandsaming

Kommunen har ikkje sendt over *skriftlege* rutinar for å førebygge mislege høve på dette området. Tenester på dette området blir no kjøpt frå Ålesund kommune, og ein følgjer retningslinene som gjeld der.

Handtering av midlar for brukarar innan pleie og omsorg

Kommunen har ikkje sendt over *skriftlege* rutinar på området, men har kort skissert korleis praksis er i dei ulike einingane innan pleie og omsorg. I nokre einingar er det i hovudsak brukarane sjøve, evt pårørande eller verge, som har ansvaret for handtering av verdisaker. Der ein handterer brukarane sine verdisaker vert desse oppbevart innelåst, og det vert signert for inn- eller uttak. Skissert praksis/rutinar er med på å førebygge misleg framferd.

På generelt grunnlag vil vi peike på at formalisering i form av skriftlege rutinar kan vere med å sikre eins praksis og gje auka medvit om god praksis. Vi oppmodar om at førebygging av mislege høve vert tatt omsyn til når rutinar skal utarbeidast i den nye kommunen.

Salsområdet – kommunale avgifter

Det er gjort kontrollar knytt til eit utval eigedommar. Vi har funne at dei fakturerte prisane er i samsvar med vedtekne betalingsregulativ. For dei kontrollerte eigedomane er det tatt utgangspunkt i informasjon i matrikkelen om tilknytning til offentleg vatn og kloakk, samt tal på pipeløp. Alle eigedomar som i matrikkelen er registrert med tilknytning til vatn og kloakk, eller med pipeløp, er fakturert for aktuelle kommunale gebyr.

Private hushald er pliktige til å abonnere på kommunal renovasjonsordning. Vi har funne at alle dei kontrollerte grunneigedommane er fakturert for renovasjon, og at prisane er i samsvar med vedteke betalingsregulativ.

Med helsing



Knut Gunnar Alnes
oppdragsansvarleg revisor



Solrun Aannø Tusvik
revisjonsrådgievar

Sak 18/19 - Orientering/oppdatering av KU sak 10/19 ved rådmann.

Bakgrunn: frå møteboka

I sak 10/19 frå forrige møte ga Bjørnar Andersen ei grundig orientering om korleis saka var handsama i Ørskog kommune så langt. Saka skal opp til formannskapet i Ørskog kommune i uke 37. Kontrollutvalet ynskjer ei ny orientering på sitt neste møte 21. november 2019

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram og som no er forventa å verte nærare klargjort i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

Saka vert etter dette lagt fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS